

## • Toprissystem på mjølk



**Eksportgevinst:** Nibio-forskar Ivar Pettersen (i midten), som før var direktør i Norsk institutt for landbruksøkonomi (Nilf), seier osteeksport er bra både for klima og samfunnsøkonomi. Han tvilar òg på trøbbel med WTO. Her saman med tidlegare departementsråd Per Harald Grue (t.h.) og seniorrådgjevar i Nibio, Eva Øvren (t.v.).

Begge foto: Bjarne Bekkeheien Aase

# Trur eksportforslag er i strid

Eit toprissystem på mjølk, som kan opne for eksport, er truleg i strid med WTO-reglar ifølgje fagfolk. Bondelaget vender tommelen ned, men Nibio-forskar held på sitt.

Forbodet mot eksportstøtte, som fører til stopp i eksporten av ost, kan både gi næringa milliardtap og føre til vekst i nedlegginga av mjølkebruk.

Fleire har tatt til orde for å innføre eit toprissystem på mjølk, noko som opnar for å vidareføre eksporten av ost. Ein av dei er forskar ved Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio), Ivar Pettersen.

### – I strid med WTO

Andre fagfolk meiner derimot ei slik ordning truleg vere i strid med WTO-reglane.

– Det kan vere lurt å leite etter løysingar for å kunne vidareføre eksporten, men eg har lita tru på ei toprisløysing. Viss poen-

get med å innføre eit toprissystem er å redde eksporten, så vil ei slik ordning lett kome i strid med WTO-reglane. Eg ser ikkje det som ein farbar veg, seier prosjektleiar i AgriAnalyse, Hanne Eldby.

Ho viser til at forslaget minner om modellen til Canada, som tapte saka i WTO og måtte avvike ordninga.

Prosjektleiar i Ruralis Bjørn Eidem, som før har jobba mykje med WTO- og EU-spørsmål både i NHO og som norsk landbruksråd i Brussel, kommenterer forslaget slik:

«Et toprissystem i offentlig regi vil fort bli sett på som de facto eksportsubsidier. I privat regi vil et toprissystem kunne havne i ka-

tegorien dumping. Å satse på at Norge ikke blir møtt med panelsak i WTO er risikofyllt, og «tvilsomme» ordninger vil i alle fall svekke vår forhandlingsposisjon når vi møter motparter til forhandlingsrunder om ulike handelsavtaler», skriv Eidem i ein epost til Nationen.

### Tvilar på WTO-trøbbel

Pettersen i Nibio meiner derimot ei slik toprisordning skil seg frå den canadiske modellen og dermed neppe er i strid med WTO.

«En gradvis nedtrappet melkepris, eller to satser på overproduksjonsavgiften, skal ikke gi politisk valgte særfordeler for eksport. Begrunnelsen for tiltaket er at en melkepris på to nivåer, gir bedre utnyttelse av produksjonskapasiteten i melkeproduksjonen, dvs. en samfunnsøkonomisk effektivitetsgevinst. Uansett hva som skjer med eksporten, vil dette gi mer effektiv melke- og storfekjøttproduksjon i Norge», skriv han i ein epost til Nationen.

Pettersen skriv at utfordringa

med ein slik modell er å sikre at prisnivået på meierivarer i Norge ikkje går tilsvarande ned og at det kan bli behov for «noe økte budsjetttilskudd». Han ser for seg at den delen av mjølka som blir levert til lågare pris må fordelast konkurransenøytralt mellom meieriselskapa der aktørane sjølv kan velje kva dei vil bruke mjølka til.

«Noe av melka vil finne vei inn i ordinære norske markeder, men det er ikke urimelig å tenke at minst én aktør kan velge å bruke melka på en måte som i liten grad presser norsk melkepris», skriv han, som òg ser for seg at ein kan

bruke lågprismjølka for å motivere til utvikling av alternative mjølkeprodukt.

### Klimaeffekt og kvalitet

Eldby utelukkar ikkje at alternativet med ein felles PU-sats på all ost kan la seg gjennomføre, men ho stiller spørsmål ved totaløkonomien i ei slik løysing. Alternativet med å redusere mjølkeprisen og ta meir over statsbudsjettet trur ho derimot kan vere ein veg å gå.

– Eg trur det vil kunne vere lurt å gå den vegen. Då kunne ein lagt opp støtta slik at ein vidareførte landbruket i heile landet.

### WTO-risiko

«Vi meiner det er risikabelt og ikkje formålstenleg å legge om den norske landbrukspolitikken i retning meir eksport.»

Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag





**Mjølkeeffekt:** Magnus Tjåland (t.v.), tidlegare styremedlem i Tine og mjølkebonde, seier spørsmålet om WTO og topriorisering burde vore avklart for lenge sidan. Her i samtale med leiar i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes.

**Fakta**

**Eksportstøtte og nedskalering**

- Frå 1. juli 2020 blir det forbod mot eksportstøtte for landbruksvarer etter vedtak i WTO.
- Eksportstøtta for ost er sjølvfinansierende med avgifter på og tilskot til ulike meierivarer. Opp mot 8% av all norsk mjølk har gått til eksport.
- I jordbruksavtalen var partane einige om at kuttet i produksjonen på rundt 100 mill. liter mjølk skal skje ved bruk av forholdstal på disponibel kvote og ved oppkjøp av kvotar. Kostnaden er anslått til rundt ein milliard kroner. Først steg var å auke omsetningsavgifta for mjølk med 10 øre pr. liter frå 1. juli.
- Fristen for å bli einige om nedskaleringa var 1. oktober og partane held nå fram på overtid.

**Eksport-forslag**

- Her er nokre av forslaga som har kome for å vidareføre osteeksporten og unngå store kutt i mjølkeproduksjonen:
- Innføring av eit toprioriserte / differensiert overproduksjonsavgift / A- og B-kvotar på mjølk der bønder kan vidareføre dagens produksjonsnivå mot at prisen for delar av mjølka blir redusert.
- Endring i prisutjamnings-systemet (PU-ordninga) ved å slå saman satsane for vanleg ost og ost for merkevareeksport.
- Større omlegging der mjølkeprisen generelt blir redusert til verdsmarknadspris og at inntektstapet for bøndene blir kompensert med auka statsstøtte.

# rid med WTO-reglar

Behovet for statsstøtte ville gått opp. Det ville i større grad blitt eit spørsmål om politisk vilje, men eg meiner vi burde ta oss råd til det, seier Eldby og viser til at EU har lagt om til ein slik modell der prisenivået generelt har gått ned og meir av inntekta til jordbruket kjem frå basisstøtte.

Petterson argumenterer med at norsk osteeksport vil vere berekraftig og klimasmart sidan det òg vil gi store mengder storfekjøtt frå kombinert mjølke- og kjøttproduksjon som alternativ til kjøtt frå ammekyr, noko han meiner vil gi reduserte klimautslipp samla sett.

«En slik klimateffekt vil være et reelt bidrag, men vil likevel ikke regnes som gevinst i vårt offisielle klimaregnskap siden effekten, eventuelt, er reduserte utslipp i andre land», skriv han.

Eidem tvilar på gjennomslag for slike tankar.

«Jeg er ganske sikker på at det blir krevende å få våre handelspartnere med på at jordbruksprodukter i økende grad bør pro-

duseres i Norge, fordi vår måte å produsere på er mer klimavennlig», skriv Eidem.

Eidem trekker på si side fram «kvalitetseksport til full pris» ala parmesanost som ein interessant tanke.

«Dersom Tine skulle ønske å re-posisjonere merkevaren Jarlsberg etter en slik modell, måtte man spisse produksjonen, beskrive kriterier for kvalitet og geografisk norsk opprinnelse for melka. Så måtte man gradvis slutte å produsere plastpakkede billigversjoner av samme merkevare, og fase ut produksjonen i utlandet», skriv Eidem, som òg trekker fram

Tingvollost som ein kandidat i så måte.

**Bondelaget fryktar WTO**

Bondelaget ser på si side ikkje eksport som eit alternativ.

– Vi meiner norsk landbruk skal levere produkt til den norske befolkninga. Det er her vi skaper størst verdiar for gardbrukaren. Vi er kritiske til ei eksportsatsing ut frå at dei rammevilkåra som er bygd opp er viktige for at vi skal lukkast i å ha matproduksjon i vårt langstrakte land, seier Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag.

For å styrke verdiskapinga

og arealbruken trekker Bartnes fram at det først og fremst er viktig å redusere importen. Han antydar at verkemiddel som kvotesystemet, målpris og marknadsregulering kan kome under press ved å utfordre WTO-reglane med eksport.

– Det er rett å nytte handlingsrommet i WTO, men vi skal ikkje ta risiko som gjer at vi reduserer grunnlaget for dei verkemidla det norske jordbruket er avhengige av, seier Bartnes.

**– Risikabelt**

Han seier at så langt han kjenner til er forslaga om toprioriserte system utfordrande opp mot WTO-reglane. Bartnes viser til motstanden Canada har fått og seier forslaget minner om den modellen.

– Vi meiner det er risikabelt og ikkje formålstenleg å legge om den norske landbrukspolitikken i retning meir eksport. Vi må jobbe aktivt for å sikre den norske marknaden og gi forbrukarane dei produkta dei ønsker til

best mogleg kvalitet, seier Bartnes.

Mjølkebonde Magnus Tjåland, som var ein av dei som tok til orde for ein toprioriserte modell, viser til at 2 kroner i redusert pris for dei 10 siste prosentane av mjølkekvoten berre ville utgjere 20 øre i redusert mjølkepris i snitt for bøndene. Det er det same som Tine har antyda i tap ved å halde fram osteeksporten utan eksportstøtte. På den måten kunne osteeksporten til Tine ifølgje Tjåland gått i null og den generelle mjølkeprisen kunne blitt heva samanlikna med i dag. Samla sett meiner Tjåland at mjølkebøndene ville kome langt betre ut enn kutta ein står over i dag.

Det delte synet på om forslaget kan vere i strid med WTO-reglane kommenterer han slik:

– Kvifor har dei ikkje utgreia det for lenge sidan? Viss det var tvil, så burde dei ha klarlagt det for lengst, seier Tjåland.

**Bjarne Bekkeheien Aase**  
bjarne.aase@nationen.no



**Todelt mjølkepris**

«Eg ser ikkje det som ein farbar veg.»

Hanne Eldby, prosjektleiar i AgriAnalyse